



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteinnkalling

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad: Teams
Dato: 13.12.2022
Tidspunkt: 14:30

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Vel møtt!

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 46/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 47/2022	Referatsaker		
RS	Ny vararepresentant i nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2020/3369
RS	Besøksstrategi Besseggen - Oppdatert etter høyring og gjennomgang i styringsgruppa		2022/2755
ST 48/2022	Delegerte vedtak		
43/2022	Delegert vedtak - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Løyve til bruk av kommersielt merke Jotunheimen - Fyrst og Fremst AS		2022/11938
44/2022	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - Helikopterflyging - Opprydding av mista gjenstandar - Ekehaug Maskin AS		2022/11020
45/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen Nasjonalpark - Endra tidspunkt - Dispensasjon - 2023 - Motorferdsel og konsertarrangement - Glitterheim Turisthytte		2019/14799
46/2022	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2022 - 2023 - Bruk av drone for filming - Visit Sognefjord		2022/11043
ST 49/2022	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Driftsmidler - Informasjonsarbeid - Kartlegging - 2023		2021/11581
ST 50/2022	Eventuelt		

ST 46/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 47/2022 Referatsaker
Ny vararepresentant i nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 2020/3369
Besøksstrategi Besseggen - Oppdatert etter høyring og gjennomgang i styringsgruppa 2022/2755
ST 48/2022 Delegerte vedtak
43/2022 Delegert vedtak - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Løyve til bruk av kommersielt merke Jotunheimen - Fyrst og Fremst AS 2022/11938
44/2022 Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - Helikopterflyging - Opprydding av mista gjenstandar - Ekehaug Maskin AS 2022/11020
45/2022 Delegert vedtak - Jotunheimen Nasjonalpark - Endra tidspunkt - Dispensasjon - 2023 - Motorferdsel og konsertarrangement - Glitterheim Turisthytte 2019/14799
46/2022 Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2022 - 2023 - Bruk av drone for filming - Visit Sognefjord 2022/11043

Arkivsaksnummer: 2021/11581-6

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.12.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	49/2022	13.12.2022

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Driftsmidler - Informasjonsarbeid - Kartlegging - 2023

Innstilling frå forvaltar

Med bakgrunn i gjeldande vedtekter pkt. 8.2 og 8.4, og internsjonsavtale med Norsk fjellsenter frå 2019 legg Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen inn søknad om delfinansiering av ein fagleg ressurs til å drive informasjonsarbeid og kontakt mot reiselivet. Vidare ser ein behov for kartlegging av belastning/slitasje på eit mykje brukt utfartsområde. Desse postane kjem i tillegg til sak 43/2022 om tiltaksmidler.

1. Styret melder inn kr.300 000,- i driftsmidler til budsjettposten 1420.31 for 2023.

Midlane skal inngå i eit spleiselag med Norsk fjellsenter, Reinheimen og Breheimen, for etablering av ei 100% stilling til informasjon og kommunikasjonsarbeid for å kunne drive meir strategisk besøksforvaltning. Eit samarbeid mellom dei 3 verneområda og besøksenteret synest mest kostnadseffektivt, og kan også gje synergjar i form av meir samarbeid på tvers av vernegrenser. Gjennom eit samarbeid om kommunikasjonsoppgåver kan ein i større grad styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjerme sårbare område som t.d. vinterbeite og kalvingsområde for villrein.

2. For kartlegging av effektane av ferdsel i særleg trafikkerte område blir det søkt om midlar over post 14.20.21.
3. I søknad om driftsmidler til nasjonalparkstyret for 2023 blir det lagt inn eit beløp på 40.000 for arrangement ved opning av den nye utsikten ved Vettisfossen.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- E-post av 10.11.22 frå Olav Nord-Varhaug, Fagdirektør verneområdeseksjonen, Miljødirektoratet
- Sak 44/2022 - *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Ressurs for informasjonsarbeid knytt til forvaltning av dei store verneområda*
- Sak 43/2022 - *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområde, naturrestaurering og SNO-ressursar i verneområde - 2023*
- Sak 15/2019 - *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Intensjonsavtale - Norsk Fjellsenter (Vedlegg)*

Saksopplysningar

I sak 44/2022 vart det konkludert med at ein bør arbeide for følgjande:

«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ser behov for at verneområdeforvaltninga blir supplert med ein fagleg ressurs til å drive informasjonsarbeid og kontakt mot reiselivet. Betre dialog og samhandling med reiselivet kan bidra til verdiskaping på ein måte som ikkje går ut over verneverdiane. Nasjonalparkstyret meiner det er nødvendig å supplere verneområdeforvaltninga med personell med fagleg bakgrunn for å fyller ein slik funksjon, og vil oppfordre Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet til å arbeide for at dette tiltaket blir lagt inn i det komande statsbudsjettet kap. 14.20.21. - - - »

Sak 44/2022 vart teke opp som ei førebels oppfølging av funn i evalueringsrapporten frå Nordlandsforskning frå 2021, der behovet for ein meir strategisk og aktiv forvaltning er framheva. Dette er også omtala i brev av 31.05.21 frå Miljødirektoratet til Klima- og miljødepartementet (KLD) direktoratet si oversending av evalueringsrapporten skriv følgjande: « - - -Med økende antall besøkende, klimaendringer, bestandsnedgang for mange arter og tap av biologisk mangfold samtidig med tydelige forventinger lokalt knyttet til reiseliv og arbeidsplasser, er det et økende behov for en strategisk og aktiv forvaltning av verneområdene. » (Saksbehandlar si utheving.)

Etter møtet den 14.11.22 med behandling av sak om tiltaksmidlar 2023, kom følgjande tilleggsinformasjon angående midlar til verneområdeforvaltning:

Olav Nord-Varhaug, Fagdirektør for verneområdeseksjonen i miljødirektoratet, har i e-post til alle verneområdeforvaltarane i landet 10.11.2022, bede om at styrene melder inn behov for driftsmidlar på post 1420.31 for 2023. Bakgrunnen for det er at Miljødirektoratet trulig vil få i oppdrag å foreslå ei ordning for fast fordeling av grunnstøtte til nasjonalpark- og verneområdestyres for vedlikehald av infrastruktur, informasjonsarbeid mv, men som også skal kunne dekke den type driftsoppgaver som det er problematisk å kunne dekke innafor dagens budsjetttrammer.

Nord-Varhaug skriv vidare at dette er ei ordning som, dersom den blir innført, vil gjere det unødvendig å søkje om denne type utgifter frå år til år.

Med bakgrunn i sakopplysningane over har forvaltarane i Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen (lokalisert i Innlandet) hatt eit møte med Norsk fjellsenter for å forankre ei felles innmelding av driftsbehov for 2023 knytt til informasjonsoppgåver. Dette i tråd med at Norsk fjellsenter har teke initiativ til tettare samarbeid om nasjonalparkinformasjon, saman med verneområda Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen. Dette ville vera ei konkretisering av intensjonsavtalen som var lagt fram for nasjonalparkstyra for Jotunheimen/Utladalen og Reinheimen i 2019. Avtalen fekk tilslutnad frå begge nasjonalparkstyra, sjå innhald i vedlegg.

Sentrale element i intensjonsavtalen:

«Bakgrunn og avgrensing:

Aktørane i forvaltningsknutepunktet utgjer eit tverrfagleg miljø som gjennom eit formelt samarbeid kan få lyfta arbeidet med nasjonalparkane til å bli ein enda sterkare ressurs i besøksforvaltninga. Samarbeidet skal bidra til betre samspel med lokalt og regionalt reiseliv og anna næring for å nå mål om berekraftige aktivitetar og verdiskaping i og kring nasjonalparkar og verneområde. Dette er i samsvar med autorisasjonsavtala mellom Norsk fjellsenter og Miljødirektoratet og Vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og for Reinheimen, pkt. 8.2 og 8.3. (syner til vedtekter for nasjonalparkstyra pkt. 8.2, og autorisasjonskriteria for besøkssenter). Vidare samlar forvaltningsknutepunktet viktig kompetanse, utviklar sterke fagmiljø og blir ein attraktiv arbeidsplass.»

Under pkt. 3 - Ambisjonar for samarbeidet står m.a.:

- 3.1 samarbeide om informasjon ut til brukar/besøkande. Dette kan vera utforming av innhald ved innfallsport, brosjyrar, plakatar, nettside og anna informasjon om natur/nasjonalparkar/verneområde
- 3.2 Utvikle og gjennomføre formidlingsopplegg for skuler, grupper og andre knytt til tema natur/nasjonalparkar/verneområde
- 3.3 få på plass ein naturretteleiar på senteret
- 3.4 felles aktivitetar og prosjekt der det er naturleg
- 3.5 tilrettelegge for næring og reiseliv der det er viktig og naturleg, viser til pkt. 8.2 i vedtektene for nasjonalparkstyret
- 3.6 opparbeide felles film- og fotoarkiv
- 3.7 å lage gode besøksstrategiar
- 3.8 felles opplæring/kompetanseheving
- 3.9 arrangement, seminar, og andre kompetansehevande tiltak
- 3.10. fagleg innhald i utstillingar

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit i medhald av vedtekter, sist revidert frå 01.01.2020. Kap. 8 gjeld oppgåvene til styret. Punkt 8.2 - Skjøtsel og besøksforvaltning:

«Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdenes potensial for verdiskaping utnyttes innenfor rammen av verneforskriftene og naturmangfoldloven. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanene som omhandler besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innlede et samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkscenter.»

Punkt 8.4 Grensemerking og informasjon:

«- - - Som forvaltningsmyndighet skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Styret er hovedansvarlig for informasjonstiltak og skal gjennomføre dette i henhold til Miljødirektoratets merkestrategi.- - -»

Vurdering

Målet om auka verdiskaping knytt til nasjonalparkane krev ressursar for å kunne ta imot fleire gjester på ein slik måte at den auka bruken ikkje går ut over verneverdiane. Målretta informasjon og aktiv bruk av sosiale media er viktige verkemiddel for å nå fram til brukarane.

Norsk fjellsenter er autorisert informasjonscenter for Jotunheimen og Reinheimen. For desse verneområda vil det autoriserte senteret vera den naturlege samarbeidsparten. Ein felles søknad om ein informasjonsressurs vil vera eit ledd i å oppfylle intensjonsavtalen med fjellsenteret om eit styrka samarbeid, som vart inngått av Nasjonalparkstyra for Jotunheimen/Utladalen og Reinheimen i 2019 (vedlegg til saka).

Fjellsenteret har i sine utstillingar lagt vekt på likeverdig nasjonalparkinformasjon om Breheimen, så det ville vera ein fordel om ein også fekk med Breheimen i eit samarbeid om ein informasjonsressurs. Med dette kunne ein få utvikla informasjonsarbeidet eit trinn vidare, til også å vera til stades på sosiale media og til å delta meir aktivt i dialog med reiselivsdestinasjonane. Det er urealistisk å få ressursar til informasjonsmedarbeidarar knytt til kvart styre, så samarbeidsmodellar som involverer fleire vil vera ei meir realistisk tilnærming. Det kan også vera nyttig å kunne sjå fleire verneområde i samanheng når det

gjeld informasjon, da områda er ganske ulike i forhold til kor stort besøkstrykk dei enkelte områda kan tole. Gjennom eit samarbeid kan ein i større grad prøve å styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjerme sårbare område som t.d. vinterbeite og kalvingsområde for villrein.

Dette er element som er spelt inn til reiselivsdestinasjonane Nasjonalparkriket og Visit Jotunheimen, i deira arbeid for berekraftig reisemål. Nasjonalparkforvaltar ved forvaltningsknutepunktet i Lom har vore representert i styringsgruppene for dette arbeidet, og ein ser her eit tydeleg eit behov for ein profesjonell informasjonsmedarbeidar for å kunne utvikle samarbeid med reiselivet vidare. Ein har også god dialog med Visit Valdres, gjennom at dei er med i Rådgvjevande utval. Ein styrka nasjonalparkinformasjon vil kunne gje det autoriserte informasjonscenteret betre moglegheit for å kunne utvikle tilgang på digital informasjon som kan nyttast på fleire satelittar rundt verneområdet.



Fjellsenteret har i sine utstillingar og publikumsinformasjon ved inngang laga likeverdig informasjon om dei tre verneområda Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen.

Kommunikasjon og informasjonsarbeid er eit eige strategisk fag, og nasjonalparkforvaltarane har i varierende grad denne kompetansen. Med dagens forvaltningsmodell er det verken tilstrekkelege ressursar eller god nok spisskompetanse til å kunne nå fram til publikum på ein profesjonell måte. Fordelen med å ha ein dedikert person som jobbar med informasjon og kommunikasjon er fleire. Arbeidet med sosiale media, informasjon på internett og dialog med reise- og næringslivet krev anna type fagkompetanse enn dei krava som er stilt til forvaltar, for ei naturfagleg kunnskapsbasert forvaltning av verneverdiane.

Auka bruk av Instagram og Facebook krev at ein er dagleg til stade med postar som skaper interesse og merksemd om verneområdestyra sine nettsider – der ein finn korrekt informasjon om verneområda, regelverk, ferdselsvett og liknande. Kontinuerleg arbeid opp mot sosiale media krev også at ein held seg oppdatert innan kommunikasjonsfaget, og har tilstrekkeleg tid til å lage innlegg, informasjonsmateriell og svare på henvendingar/spørsmål. Aktiv profilering av nettsidene gjennom sosiale media er og viktig for å få folk inn på våre sider når dei søker informasjon om nasjonalparken. Det er viktig at fovaltninga følgjer opp og tek ei meir aktiv rolle for å kommunisere med publikum og nå fram med relevant informasjon. Dersom vi har ei passiv rolle på sosiale media vil kven som helst kunne ta ei rolle, og nå fram med uønskt informasjon og uheldig marknadsføring av verneområda.

Med innføring av den nye merkevaren *Norges nasjonalparker* i 2015 med hovudbodskap *Velkommen inn!* gjekk utviklinga eit trinn vidare, og miljøstyresmaktene forventa sterkare fokus på at fleire besøkande skulle få eit møte med nasjonalparkane. Kommunikasjon er eit viktig verkemiddel for besøksforvaltninga, bør profesjonaliserast. Ein stillingsressurs med profesjonalitet på informasjons- og kommunikasjonsarbeid, kan bidra til:

- at forvaltninga framstår meir einheitleg og koordinert på tvers av vernegrenser.
- å få fram samarbeid med aktørar som driv aktivitetar i fleire verneområde.

- differensiert forvaltning mellom ulike verneområde og i tid og rom
- betre dialog mellom forvaltning og næringsaktørar knytt til verneområda, og gjennom dette auka aksept for vernet.

Med bakgrunn i e-post frå miljødirektoratet v/ Olav Nord-Varhaug 22.11.22, om innmelding av behov for driftsmidlar i 2023, er det rett tidspunkt for nasjonalparkstyret å melde inn midlar i eit spleiselag med Breheimen, Jotunheimen og Norsk fjellsenter, til å dekke ein 100 % informasjonsstilling lokalisert på forvaltningsknutepunkt /autorisert besøksenteret - Norsk fjellsenter. Dersom samarbeidsaktørane Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen og Norsk fjellsenter går inn med kr. 300 000,- kvar, vil det grovt stipulert kunne dekke etablering og drift av ei 100 % stilling for 2023. Dersom ein får innvilga denne ressursen heilt eller delvis, må aktørane koma saman for å diskutere korleis midlane i fellesskap kan nyttast på ein best mogleg måte.

I etterkant av sak om innmelding av tiltaksmidlar har forvaltarane kome fram til at vi bør søke om midlar til betre kunnskap om korleis auka ferdsel verkar inn på sårbare område med høgt besøkstrykk. Området rundt Gjende og Jo-stigen har sårbar vegetasjon som er særleg utsett for slitasje. Betre kunnskap er viktig for å kunne foreslå avbøtande tiltak, og ein tilrår at det blir søkt om inntil 200.000 kr over post 14.20.21 for kartlegging av situasjonen.

Midlar til drift av styret blir innmeldt årleg, etter ei utrekning av behov basert på inntil 4 fysiske møte inkludert det årlege møtet saman med rådgjevande utval. Budsjetteringa baserer seg på erfaringstal frå tidlegare år og til kvar til gjeldande satsar for møtegodtgjersle.

I 2023 vil det vera behov for eit tillegg for å kunne vera vertskap for ei opning av det nye utsiktspunktet ved Vettisfossen. Det blir foreslått å setja av ca. 40.000 til markeringa.

Intensjonsavtale

Mellom desse aktørane i forvaltningsknutepunktet; Norsk fjellsenter og nasjonalparkstyra for Jotunheimen og Reinheimen nasjonalpark, i det vidare kalla aktørane.

1. Formål

Aktørane i forvaltningsknutepunktet på Norsk fjellsenter skal forvalte, informere og formidle kunnskap om nasjonal og internasjonale natur, kultur og nasjonalparker, vidare bidra til forståing for vern av natur- og kulturverdiar og biologisk mangfald.

2. Bakgrunn og område for intensjonsavtala

Aktørane i forvaltningsknutepunktet utgjer eit tverrfagleg miljø som gjennom eit formelt samarbeid kan få lyfta arbeidet med nasjonalparkane til å bli ein enda sterkare ressurs i besøksforvaltninga. Samarbeidet skal bidra til betre samspel med lokalt og regionalt reiseliv og anna næring for å nå mål om berekraftige aktivitetar og verdiskaping i og kring nasjonalparker og verneområde. Dette er i samsvar med autorisasjonsavtala mellom Norsk fjellsenter og Miljødirektoratet og Vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og for Reinheimen, pkt. 8.2 og 8.3. (syner til vedtekter for nasjonalparkstyra pkt. 8.2, og autorisasjonskriteria for besøkscenter).

Vidare samlar forvaltningsknutepunktet viktig kompetanse, utviklar sterke fagmiljø og blir ein attraktiv arbeidsplass.

3. Ambisjonar for samarbeidet

- 3.1. samarbeide om informasjon ut til brukar/besøkande. Dette kan vera utforming av innhald ved innfallsport, brosjyrar, plakatar, nettside og anna informasjon om natur/nasjonalparker/verneområde
- 3.2. Utvikle og gjennomføre formidlingsopplegg for skular, grupper og andre knytt til tema natur/nasjonalparker/verneområde
- 3.3. få på plass ein naturretteiar på senteret
- 3.4. felles aktivitetar og prosjekt der det er naturleg
- 3.5. tilrettelegge for næring og reiseliv der det er viktig og naturleg, viser til pkt. 8.2 i vedtektene for nasjonalparkstyret
- 3.6. opparbeide felles film- og fotoarkiv
- 3.7. å lage gode besøksstrategiar
- 3.8. felles opplæring/kompetanseheving
- 3.9. arrangement, seminar, og andre kompetansehevande tiltak
- 3.10. fagleg innhald i utstillingar

4. Intensjonsavtala si varigheit

Denne intensjonsavtala er gjeldande fram til den blir avløyst av endeleg og formalisert avtale mellom aktørane i forvaltningsknutepunktet

5. Anna

Partane er klar over at dei i innleiande fase av samarbeidet, fram til endeleg avtale, i vesentleg grad byggjer på intensjonar som ikkje er rettsleg forpliktande.

6. Kontaktpersonar

Kontaktperson Jotunheimen: forvaltar ved knutepunkt Lom (Kari Sveen)

Kontaktperson Reinheimen: forvaltar ved knutepunkt Lom (Kristine Sørлие)

Kontaktperson Norsk fjellsenter: Dagleg leiar Mai Bakken

7. Underskrift

Denne avtala ligg føre i to eksemplar, der kvar av partane beheld kvart sitt.

Føresetnad at avtala blir godkjent i dei respektive styra.

Signaturen vil vera forankra i styrevedtak.

Lom, __ / __ 2019

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark v/ styreleiar Ivar Kvalen (sign.)

Nasjonalparkstyret for Reinheimen nasjonalpark v/ styreleiar Per M. Berdal (sign.)

Norsk fjellsenter v/dagleg leiar Mai Bakken (sign.)

ST 50/2022 Eventuelt